Rovdyrtap: Vi veit lite om kva psykososiale verknader rovdyrangrep på beitedyr har for sauebøndene, skriv Reidar Almås. Foto: Mariann Tvete

Kor kjem dette hatet mot sauebøndene frå?

Vi veit for lite om sauebondens psykososiale helse. Er det fordi forskarane er konflikskye og vil unngå mediestyr? spør Reidar Almås.

REIDAR ALMÅS | FAGLIG SNAKKA

Seniorforskar ved Norsk senter for bygdeforsking

PUBLISERT: 28.06.17 00:00

Tweet Anbefal Del

Denne våren har streifulv løfta ulvedebatten opp i medias prioritering. Sjølv desken i VG har vakna, og da er det alvor. Ulven (ane), som har tatt livet av over hundre sauer utanfor ulvesona i Akershus og Oppland, har også pressa fram ei ny problemstilling: Korleis påverkar rovdyrangrep i beiteområda den psykososiale helsa hos bønder som driv dyrehald i randsona til rovdyrområda?

Når beitedyra forsvinn frå ulvesona, følgjer streifulv etter på leiting etter make for å skaffe seg revir. Det er ulvens natur. Der Stortinget har bestemt at det skal vera rovdyr, er det ingen som har beitedyr i utmark lenger, det kunne eg sjå med sjølvsyn på ein ferietur i ulveland for to år sidan. Vi har denne våren høyrt sterke vitnemål frå sauebønder som har fått sauene sine rivne i hel av ulv.

Sauehaldar Eirin Rauø skreiv i kronikken «Ulven sett frå sauegarden» i Klassekampen 13. juni: «Ulveangrep har mange seinskader, både for sauene og bøndene. Det er tragisk å sjå dyr eg har stelt med og snakka med frå dei var født, ligge ihelrivne. Det er tungt å ikkje kunne drikke vatn av ein fjellbekk fordi det kan ligge eit kadaver 100 meter lenger oppe. Det er tøft å fiske opp kadaver frå vatna på heia. Det er hardt å sjå søya gå og leite etter lamma sine, og det skjer meg i hjartet å sjå lamma rope på mor».

Marianne Dolpen, ein annan sauebonde, fortel i eit innlegg Adresseavisen 16. juni om korleis tårene pressa på når ho las kommentarfelta til artiklar om rovdyrangrepa i VG. Her kom det skuldingar mot henne og hennar kollegaer i sauenæringa om at dei er ein klamp om foten på storsamfunnet. Dei er «late dyremishandlere som gir blaffen i dyra sine. De ligger på sofaen og høster subsidier og rovdyrerstatning, i stedet for å gjete sauer og verne dem mot rovdyr. Jeg er sauens verste fiende, faunakriminell og lavpannet. Skuddpremie burde det være på meg».

Kor kjem dette hatet mot sauebøndene frå? Hatet, som går så klart fram av eit innlegg frå Berit Helberg i «Foreningen Våre Rovdyr» i Klassekampen 14. juni; «Har ikke dette gått langt nok nå? Ikke bare med tanke på sauebøndenes innbitte trang til å bite seg fast i subsidiene og tradisjonene, men også fra politikernes og medienes side.[...som] gir flat beng i de vanvittige tallene[...]».

Så korleis er det med den psykososiale helsa hos rovdyrutsette bønder oppe i alt dette? Det veit vi lite om, i alle fall ifrå forskarhald. I mange år har det vore bruka store millionbeløp på naturvitskapeleg ulveforsking i Norge. Forskarane og media nesten fotfølgjer desse rundt hundre individa frå dag til dag, og det kostar ikkje lite å vite «alt» om den norske ulven. Til erstatning og førebyggande tiltak har det gått milliardar. Kostbar «kar» den norske ulven.

Psykiske verknader

«Kva veit vi om korleis sauebonden har det når ho får dyra sine drepne og lemlesta av ulv eller andre rovdyr?»

Kor er samfunnsforskinga om dei psykososiale verknadene for sauebonden som er utsett for rovdyrangrep på beitedyra sine? Kva skjer med lokalsamfunna som er plaga med ulv? Her har dei som finansierer forsking, forskarane sjølve og media forsømt seg. Kvifor er det så godt som inga samfunnsforsking om sauebondens helse, miljø og sikkerheit i Norge?

Kan det vera at forskarane er konfliktskye og helst vil unngå mediestyr? Kanskje legg dei fleste samfunnsforskarane meir vekt på «urbane» verdiar, og ikkje likar å bli sette i bås med folk med typiske «bygdeverdiar» som ressursutnytting? Eller er det slik at i og med at det er relativt få som blir direkte råka av rovdyrplaga, så rekk ikkje samfunnets omsut til når forskingspengane skal fordelast? Eg kjenner sjølv eit ansvar her.

Dette kan ikkje vare ved. Norsk senter for bygdeforsking vil no løfte fram problemstillinga om korleis det psykososiale arbeidsmiljøet til sauebøndene og bygdemiljøet reint generelt blir påverka av at jaktande rovdyr breier seg til stadig fleire område av landet. Kva veit vi om korleis sauebonden har det når ho får dyra sine drepne og lemlesta av ulv eller andre rovdyr? Korleis er det med HMS hos den rovdyrutsette bondefamilien? Korleis går det med bygdemiljøet i rovdyrsona? Her bør dei som styrer midlane til forsking finne pengar raskt.

«Jeg kjenner fortsatt en stor sorg over at vi måtte slutte med sau», seier fylkesleiar Borgny Kjølstad Grande i Nord-Trøndelag Bondelag til Bondebladet 24. mai. «Jeg har kjent veldig på maktesløsheten. Du føler deg liten når du må kjempe mot storsamfunnet for ditt eget levebrød».

Veit storsamfunnet kva som skjer med desse bondefamiliane som betaler prisen for at Norge skal vera flinkaste guten i miljøklassa?

Alltid oppdatert med Nationens nyhetsbrev
Navn: Navn
E-post: E-post
MELD DEG PÅ

Følg Nationen på Facebook og bli oppdatert på nyheter og debatt om distriktene.

Tweet Anbefal Del

Anbefalt for deg

Nei til salg av Norge

Forsterker rovdyrkonflikten


Erna & co. har mistet 284.000 velgere

Dale ber om nabohjelp mot skrantesyke

#faglig snakka

Debatt: Produktivitet på bekostning av dyrevelferd
FAGLIG SNAKKA

Myter om urban matproduksjon
FAGLIG SNAKKA

Er urbant landbruk et grønt sminkelag?
FAGLIG SNAKKA

Fagleg snakka: Kunnskap i våronnas tid
FAGLIG SNAKKA

Sosialt smågodt for helsa
FAGLIG SNAKKA

«Politikerne mangler innsikt i GMO»
FAGLIG SNAKKA

«Derfor er fjellmelk den sunneste melka»
FAGLIG SNAKKA


Den naturbaserte turismen
FAGLIG SNAKKA

Kun én GMO-plante slipper inn i Norge
FAGLIG SNAKKA

«Er elitemelken farlig? »
FAGLIG SNAKKA

Temaord til denne artikkelen

Emne/rovviltforvaltning Helse
Reidar Almås beitedyr
norsk senter for bygdeforskning
rovdyrskader

Kronikk

Almås og bøndenes psykiske ulveproblemer

Dagens saueproduksjon kan ikke være hevet over kritikk, skriver forskerne Kjetil Skogen og John Odden ved Nina.

Beite: Dagens utmarksbeite kan ikke betraktes som en «sømløs» videreføring av eldre beitetradisjoner, skriver kronikkforfatterne. Foto: Håkon Mosvold Larsen / NTB scanpix

Kjetil Skogen og John Odden
Seniorforskere ved Norsk institutt for naturforskning

Publisert: 01.07.17, 00:07
Oppdatert: 30.06.17, 14:06

Del

Med utgangspunkt i den siste tidas ulveangrep på sau, og debatten som raser i kjølvannet av skadene, reiste bygdeforsker Reidar Almås i Nationen 28. juni spørsmålet om «hvor hatet mot sauebøndene kommer fra». Almås synes at debattanter som vil ha ulv er alt for kritiske til sauebønder, og at de dessuten uttaler seg på en aggressiv, nedlatende og ufølsom måte.

Vi skal ikke her kommentere tonen i ulvedebatten, men det er ganske riktig ingen mangel på skarpe formuleringer og for den saks skyld personangrep – verken på den ene eller den andre sida. Det er mange som gjør sin egen sak en bjørne(!)tjeneste ved å gå så kompromissløst ut som de gjør.

Men Almås setter fram en annen påstand, som ikke kan stå uimotsagt. Han hevder at norske forskere er uinteressert i ulveproblemene, og antyder at de ikke vil studere bøndenes psykiske belastninger fordi de er konfliktsky.

Almås vet nok at norske samfunnsforskere har studert ulvekonfliktene grundig. Vi tør påstå at de er ledende når det gjelder å bidra til forståelse av ulvekonfliktene i en samfunnsmessig kontekst. Det er nok av rovdyrkonflikter i andre land, og samfunnsforskning foregår der også. Men det er i Norge en har holdt på mest systematisk over tid, og har publisert mest.

Norske forskere har ikke holdt seg unna medier og samfunnsdebatt, eller unngått å presentere kontroversielle forskningsfunn. Om han går inn for det, vil Almås raskt kunne skaffe seg et overblikk over medieeksponeringen norsk samfunnsvitenskapelig forskning om ulven har fått de siste årene.

Almås mener nok egentlig at det blir forsket på feil ting. Han har nemlig helt rett i at sauebøndenes psykiske plager ikke har vært i fokus. Men dette har en god grunn: Det er ikke beiteproblematikken som er drivkraften i ulvekonfliktene, selv om dette bildet aktivt skapes av sterke næringsorganisasjoner.

I ulvens nåværende utbredelsesområde i Norge er det lite utmarksbeite, men voldsomme konflikter. De norske ulveområdene er ganske like de svenske (der det er null utmarksbeite, men mye bråk). De kjennetegnes av skogbruk, skogsindustri og – i sør – et landbruk uten husdyrproduksjon basert på utmarksressurser.

Hva som driver konfliktene har vi skrevet om mange ganger før – også i Nationen. Her får det holde å peke på at ulvedebatten den siste tida (før angrepene i Hurdal) har vært nærmere sakens kjerne, nemlig spørsmål om jakt, hunder og opplevelse av alminnelig livskvalitet. Og ikke minst en form for «antielitisme» som også gjør seg gjeldende på mange andre samfunnsområder, og i mange andre land. Dessuten er skogeieres økonomiske interesser berørt.

Samtidig har den norske forskningen vist at lokalsamfunn på bygda ikke er homogene, og at alle slags meninger om ulv (og om bønder) finnes der. Å forstå dette, og se bak de døde sauene, er avgjørende for å forstå hva som skjer.

Ulv kan ta sau, som vi nettopp har sett. Også denne gangen er det en enslig ungulv på vandring som er synderen, i områder som er langt fra etablerte ulverevir. Og, ja, den kom faktisk fra Sverige. Sauebrukere som rammes, opplever naturligvis store påkjenninger. Men der vi har etablerte revir er det lite tap. Da hevdes det ofte at det er ikke rart, siden ulven har rasert beitenæringa. Men det er feil.

Store flokker med sau på beite i skogsterreng har det aldri vært mye av i Østerdalen og sørover langs riksgrensen. De få brukerne som begynte med dette gjorde det relativt seint, som en følge av landbrukspolitiske grep rundt 1970. Og mange sauebesetninger har kommet langt seinere, på bruk som ikke har tradisjon for denne typen produksjon.

> «Vi er enige i at forskning på psykososiale belastninger i arbeidslivet er viktig.»

En av kronikkforfatterne har røtter i Åmot i Østerdalen, og kjenner historien der ganske godt. Da faren hans vokste opp på 1930-tallet, hadde familien én sau. Den gikk i gjerdinga bak huset, og var aldri ute om natta – selv om det ikke fantes rovdyr. Selvsagt var det mange som hadde flere sauer, og særlig under krigen da sjølberginga var viktig. Men etter krigen ble flokkene mindre igjen. Før veksten satte inn i 1970-åra.

Flytter vi oss til Trysil, som både er hjemkommunen til forfatter nr. 2 og den kommunen som har fått mest oppmerksomhet i den siste tidas ulvespetakkel, kan vi se en tilsvarende utvikling: På 1950- og 60-tallet var det i overkant av 3000 sauer i Trysil. Det økte til rundt 5000 på 80- og 90-tallet.

Nå kan man jo si at 3000 sauer også er en del. Men vel så viktig er størrelsen på den enkelte besetning. Gjennomsnittet økte fra 17 i 1969 til 102 i 1999. De 5000 sauene var altså fordelt på langt færre bruk.

Å slippe slike flokker på utmarksbeite med begrenset tilsyn er noe annet enn å la noen få sauer beite i nærheten av gården, og det kan diskuteres om det er en videreføring av eldre beitetradisjoner. Det kan like godt karakteriseres som en industrialisering av utmarksbeitet. Et viktig poeng er dessuten at de som har gitt seg med sau i Trysil har hatt problemer med bjørn og ikke ulv.

Om all ulv forsvant fra Trysil, ville utmarksbeite av 70-tallsmodell likevel ikke være aktuelt. Til det er bjørnebestanden for stor. Men den ligger under bestandsmålet, og skal derfor vokse mer. I tillegg ville økende bestander av jerv og gaupe tatt for seg.

Vi er enige i at forskning på psykososiale belastninger i arbeidslivet er viktig. Ikke minst i landbruket, der det sannelig kan være mye å bekymre seg for. I den forbindelse kan problemer med ulv også være et tema – selv om det rammer relativt få, og ikke er noen viktig drivkraft i konfliktene rundt ulven.

Vi vil imidlertid framholde at det må være helt legitimt å rette søkelyset mot problematiske sider ved norsk saueproduksjon. Enhver næring må tåle et kritisk søkelys. Vi holder fast ved at dagens utmarksbeite ikke kan betraktes som en «sømløs» videreføring av eldre beitetradisjoner, men representerer en tilpasning til et moderne produksjonsregime som gir betydelige utfordringer – og ikke bare i forhold til rovdyr. At denne typen produksjon faktisk mottar store overføringer er et faktum.

Statlig engasjement i matproduksjon har ikke vi noe mot, men det må være lov å peke på at det kan skje på mange måter. At noen av de mange titalls millioner som årlig brukes på å erstatte tapt sau kunne brukes på forebyggende tiltak (som ganske riktig ville innebære endringer i beiteregimet), er et helt legitimt synspunkt.

Videre er det ubestridelig at Norge er det europeiske landet som har lavest målsettinger om antall rovdyr i forhold til tilgjengelig habitat. Alle må tåle at det trekkes fram i debatten.

Vi synes Reidar Almås skyter langt over mål. Norsk samfunnsforskning har gitt vesentlige bidrag til forståelse av rovdyrkonfliktene, og dagens saueproduksjon kan ikke være hevet over kritikk.

Emneord til denne artikkelen

Kronikk · John Odden · Kjetil Skogen · NINA · Reidar Almås · Beitebruk · Rovdyr · Rovdyrangrep · Rovvilt · Sauenæringa

Alltid oppdatert i innboksen

Jatakk, jeg vil motta nyhetsbrev fra Nationen

Fornavn Etternavn | E-postadresse | Meld deg på

Kronikk

Ulvens herjingar og sauebondens psykososiale helse

Kor langt skal ein gå i å gripe inn i beiterett, jaktrett og bygdefolks helse og livskvalitet for å ta vare på rovdyr, spør Reidar Almås.

Kor langt skal ein gå i å gripe inn i beiterett, jaktrett og bygdefolks helse og livskvalitet for å ta vare på rovdyr, spør Reidar Almås i denne kronikken. Foto: Mariann Tvete

Reidar Almås
Professor ved Norsk senter for bygdeforskning

Publisert: 11.07.17, 00:07
Oppdatert: 10.07.17, 14:07

Del

I ein kronikk i Nationen 1. juli skriv forskarane Kjetil Skogen og John Odden ved NINA at eg «hevder at norske forskere er uinteressert i ulveproblemene og antyder at de ikke vil studere bøndenes psykiske belastninger fordi de er konfliktsky».

Vidare hevdar dei at «Reidar Almås skyter langt over mål» i min artikkel «Kor kjem dette hatet mot sauebøndene frå?», som stod på trykk i same avis 28. juni. Resten av kronikken brukar Skogen og Odden til å gje ei oversikt over eiga forsking og lufte sine eigne synspunkt på rovdyrkonflikten.

Uforvarande kjem Skogen og Odden til å bekrefte at eg har skote blink på mitt eige mål: Korleis er det med den psykososiale helsa hos rovdyrutsette bønder? Og: Kva veit vi om korleis sauebonden har det når ho får dyra sine drepne og lemlesta av ulv eller andre rovdyr?

Frå anvisarplass melder Skogen og Odden: «Almås mener nok egentlig at det blir forsket på feil ting. Han har nemlig helt rett i at sauebøndenes psykiske plager ikke har vært i fokus […] Vi er enige i at forskning på psykososiale belastninger i arbeidslivet er viktig.»

Så langt har eg tydelegvis treft blink. Eg har heller ikkje kritisert dei for å vera konfliktsky, men kanskje andre har vore det?

Skogen og Odden anviser bom på eit mål som eg ikkje har skote på, når dei skriv: «Hva som driver konfliktene har vi skrevet om før [….] Her får det holde å peke på at ulvedebatten den siste tida (før angrepene i Hurdal) har vært nærmere sakens kjerne, nemlig spørsmål om jakt, hunder og opplevelse av alminnelig livskvalitet. Og ikke minst en form for «antielitisme» som også gjør seg gjeldende på mange andre samfunnsområder, og i mange andre land. Dessuten er skogeieres økonomiske interesser berørt.» God oppsummering av eiga forsking, Skogen og Odden!

Skulle eg skyte på dette målet som Skogen og Odden lanserer i kronikken, vil eg underskrive det som Nibio-forskar Geir Harald Strand med kollegaer rapporterte i 2016:

«Rovviltforvaltningen har en todelt målsetting. Den skal sikre både levedyktige rovviltbestander og bærekraftige beitenæringer. Rovviltforvaltningen skiller mellom rovdyrprioriterte og beiteprioriterte områder. De rovdyrprioriterte områdene utgjør om lag 55 prosent av Norges landareal. Innenfor dette området finnes 53 prosent av de aktive bøndene, 60 prosent av jordbruksarealet og 30 prosent av alle sauer og lam [….] Halvparten av arealet som benyttes av samisk reindrift er også prioritert for rovvilt. Rovviltbestandene har derfor potensielt stor betydning for […] beitenæringene – i vid forstand – som er mest utsatt for rovdyr.»

Les også: Frivillige sanker sauekadavre etter ulvens herjinger

For meg må dei menneskelege, sosiale og økonomiske konsekvensane for beitenæringane og lokalsamfunna i randsona mellom rovdyrprioriterte og beiteprioriterte område bli kjernen i framtidig samfunnsforsking om rovdyr: Kor langt skal ein gå i å gripe inn i beiterett, jaktrett og bygdefolks helse og livskvalitet for å ta vare på rovdyr? Dette gjeld ikkje berre ulv: I mange bygder, slike som Oppdal, Midtre Gauldal og Rennebu her i Trøndelag, er beitedyra utsett for både tre og fire av dei store rovdyra: Bjørn, ulv, gaupe og jerv.

Siste del av ulvekronikken brukar Skogen og Odden til å beskrive sine røter i Østerdalen og Trysil. Det blir patetisk, men ikkje meir legitimt av å høyre om Skogens familie i Åmot som hadde ein (1) sau. Kva slags driftsform var dette? Og kor mange slike sauehaldarar har funnest? I det allsidige husdyrhaldet, som var dominerande over heile landet i dei par første tiåra etter andre verdskrigen, var dei fleste saueflokkane i små.

I 1949 var det i gjennomsnitt 12 sauer og lam (tilsvarar ca. f vinterfôra sauer) på dei 85.250 bruka med sau. Sauene gjekk stort sett på beite i utmark eller kulturbeite. Ein treng ikkje vera matematikar for å rekne ut at ein auke i dagens ulvebestand ville ha vore ein katastrofe for datidas driftsform. Det er ikkje slik som Skogen og Odden hevdar at det er det dei kallar «industrialisering av utmarksbeitet» med større flokkar som har auka rovdyrproblema.

> «Norsk rovdyrpolitikk har gradvis tatt frå husdyrbønder og samar delar av deira eigedomsrett.»

Driftsformene i landbruket har seinare endra seg mykje på grunn av auka krav til effektivitet, teknologisk utvikling, landbrukspolitiske verkemiddel og ikkje minst på grunn av modernisert levemåte på landsbygda. Det er hamskiftet i landbruk og bygder som er forklaringa på at saueflokkane har vorte større. Å moralisere seg tilbake til tretti- eller syttitalet som Odden, Skogen og deler av miljørørsla gjer, fører ingen stad.

Kronikken til Skogen og Odden illustrerer eit anna poeng som er langt viktigare enn forskinga på rovdyr og sauehald: Kva har den sikkert vel publiserte norske rovdyrforskinga bidratt med til å løyse konfliktane rundt rovdyr og sau, rein og andre dyr på beite her heime?

• **Les også at leder Merete Furuberg i Småbrukarlaget er** lei av sjikane, hets og trusler knyttet til ulvedebatten

Vesentlege stemmer frå ulike fag i norsk forsking, som Øyvind Østerud, John Peter Collett og Vigdis Ystad har reist den alvorlege problemstillinga om det er slik at norsk forsking blir meir irrelevant for det norske samfunnet på grunn av presset mot forskarane på å få ut flest mogleg publikasjonar på engelsk.

Og vil ikkje det aukande innslaget av utanlandske forskarar med avgrensa kunnskap om norske forhold på sikt undergrave tilliten og relevansen til norsk forsking for politikkutforming? Så vidt eg kan sjå, har den norske rovdyrforskinga i liten grad bidratt til å dempe arealkonfliktane rundt dei store rovdyra.

Derfor er det svært positivt at Forskingsrådet og fire fylkesmenn finansierer Bygdeforskning og ei rekkje andre forskingsmiljø i prosjektet «Lokal rovdyr» for å utvikle kunnskap om korleis auka rovdyrtal påverkar beitenæringar, lokalsamfunn og samisk reindrift.

Formålet er å utvikle og anbefale nye og forbetra verkemiddel og tiltak, eit formål som dei grunnleggande fedrane og mødrene i norsk samfunnsforsking ville nikke gjenkjennande til. Heldigvis har vi også yngre forskarar med kompetanse på helse og arbeidsmiljø som kan ta opp den hansken eg har kasta.

• **Les også:** Flytter tusenvis av sauer etter ulveangrep

No har også minister Helgesen omsider, etter instruksjon frå Stortinget, funne ut at han vil endre rovviltforskrifta slik at Naturmangfaldlovens paragraf 18c kjem i bruk. Da kan forvaltinga legge vekt på lokalsamfunn, lokal næringsutvikling og distriktspolitikk, både i samsvar med Bernkonvensjonen og norsk lov.

Eigedomsretten er den syttande menneskerett, først vedtatt av Frankrikes nasjonalforsamling, 26. august 1789. Norsk rovdyrpolitikk har gradvis tatt frå husdyrbønder og samar delar av deira eigedomsrett: Retten til å beite i utmark og på vidder. Denne problemstillinga burde oppta både forskarar, juristar og politikarar.

Om eg skulle spå, går det ikkje lenge før vi ser ei sak for den europeiske menneskerettsdomstolen i Strasbourg om tap av beiterett på grunn av storsamfunnets rovdyrpolitikk. Kjem den ikkje frå Norge, kan den koma frå Finland, eller frå Danmark, der ulven har yngla i vår.

Emneord til denne artikkelen

Kronikk | Reidar Almås | Rovdyr | Ulv | Beitebruk | Rovdyrdebatten | Rovdyrskader | Sauenæringa

Alltid oppdatert i innboksen

Jatakk, jeg vil motta nyhetsbrev fra Nationen

Fornavn Etternavn | E-postadresse | Meld deg på

Kronikk

Eiendomsrett og menneskerett

Hva skal da de eiendomsløse gjøre, de som på grunn av historisk urett er fratatt kontroll over den naturen de elsker?

Rettigheter: De som ikke har eiendomsrett i utmarka, må pent stå og se på at den naturen de burde ha rett til å være med å forvalte, forvandles foran øynene på dem, skriver kronikkforfatteren. Foto: Berit Keilen /NTB scanpix

Ketil Skogen
Seniorforsker, Norsk institutt for naturforskning

Publisert: 01.08.17, 00:00

Del

28. juni hadde Reidar Almås en artikkel i Nationen med tittelen «Kor kjem dette hatet mot sauebøndene frå?». Der tok han opp de psykiske belastningene og den generelle uretten bønder utsettes for som en følge av norsk rovdyrpolitikk. I en kronikk 1. juli skrev John Odden og jeg at Almås' perspektiv er både mangelfullt og ensidig. Almås svarte oss 11. juli, og det er hans svar jeg tar utgangspunkt i her.

Først må jeg understreke at det er en viktig diskusjon Almås innledet til. Almås er en svært erfaren og merittert sosiolog. Han deltar aktivt i samfunnsdebatten, og målbærer der et perspektiv jeg har sympati for: Almås tar stilling for de små mot de store i alle distriktspolitiske spørsmål. Men Almås' analyse av rovdyrpolitikken viser at han har et noe enøyd syn på hva som er urettferdig, og da med beina solid plantet i den privateide norske utmarka. På tross av at Almås som sosiolog burde ha en god forståelse av maktforhold, virker det som han bare er opptatt av urett som etter hans mening rammer bønder. Men er bønder en avmektig gruppe i det norske samfunnet? Og hva er forholdet mellom eiendomsrett og makt? Hvis rovdyrkonflikten er en «arealkonflikt», slik Almås skriver, hvordan føyer den seg da inn i et mønster av arealkonflikter, og hvordan er maktforholdene der?

Men først til to andre temaer som har utkrystallisert seg i debatten: Utviklinga i saueholdet, og norsk samfunnsvitenskapelig rovdyrforskning.

Almås hevder at alt annet enn dagens storskala utmarksbeite er nostalgi. Men denne ganske nye driftsformen er et produkt av statlig politikk og lite annet. Det er bra at staten engasjerer seg i matproduksjon, også gjennom betydelig økonomisk støtte. Men når fellesskapet betaler, må produksjonen kunne styres. I tillegg til produksjonsstøtte er det siden 2000 utbetalt over en milliard kroner i rovdyrerstatning. Det er åpenbart mulig å bruke noen av disse midlene til å støtte produksjonsformer som framstår som mindre «rasjonelle», men som kan muliggjøre sameksistens med rovdyr.

Hvorfor skulle man gjøre det? Det er her den samfunnsvitenskapelige forskningen kommer inn i bildet. Den har vist at en betydelig andel av befolkningen, også i områder med rovdyr, vil at disse dyra skal finnes i norsk natur. En konflikt har som kjent flere parter, og handler sjelden om bare én ting. Rovdyrkonflikten er som en ballong: Klemmer du et sted, tyter det ut et annet. En streng soneringspolitikk og svært lave bestandsmål har vært lite konfliktdempende, til tross for at strategien er innrettet på å ivareta landbrukets interesser, og avspeiler landbrukets sterke politiske stilling i Norge. Dette har utilsiktede konsekvenser som driver opp andre sider ved konfliktene, f.eks. når det gjelder jakt og den «reservatfølelsen» vi har hørt så mye om i det siste. For ikke å snakke om reaksjonene blant dem som mener at de store rovdyra skal være her.

> Rovdyrkonflikten er som en ballong: Klemmer du et sted, tyter det ut et annet.

Så til belastningene bønder opplever, og uretten de utsettes for. Belastningene er selvsagt reelle, men bønder er ikke de eneste som påføres belastninger, og grunneiere er ikke rettighetsløse i den norske utmarka. Størstedelen av befolkningen, også på bygda, har ingen formelle rettigheter ut over allemannsretten. Almås skriver at rovdyrpolitikken er et angrep på eiendomsretten som menneskerett, og ser for seg at dette vil bringes inn for domstolen i Strasbourg. Men hva skal da de eiendomsløse gjøre, de som på grunn av historisk urett er fratatt kontroll over den naturen de elsker? Å betrakte eiendomsrett som menneskerett overser at fordeling av eiendom er den viktigste kilden til urett i verdenshistorien. Almås ser på innskrenking i utmarksbeite og annen utøvelse av eiendomsrett som et overgrep fra mektige samfunnsgrupper. Jeg kan forsikre Almås om at det ikke er eneste mulige perspektiv på en rovdyrforvaltning som er blant de mest restriktive på kloden. Det er heller ikke eneste mulige perspektiv på moderne industriskogbruk, kraftutbygging og nye hyttebyer. De som ikke har eiendomsrett i utmarka, må pent stå og se på at den naturen de burde ha rett til å være med å forvalte, forvandles foran øynene på dem. Fordi noen har eksklusiv rett til å gjøre det. Hvordan tror Almås at det påvirker det livskvaliteten?

Det er meningsløst å framstille samfunnsgrupper uten rettigheter som en brutal maktkonstellasjon som hundser grunneiere og rettighetshavere. Det er et kjent retorisk grep, men ikke et jeg hadde ventet fra Reidar Almås.

Mine kolleger og jeg mottar ofte henvendelser fra folk som har ting på hjertet om rovdyr. Noen forteller om en dyp fortvilelse. Ikke over drepte sauer, men over drepte ulver. Eller gauper. Og de bor som regel ikke i byen. Å påstå at disse menneskenes livskvalitet påvirkes mindre av rovdyrpolitikken enn sauebøndenes livskvalitet, er arrogant. Den påvirkes sikkert ikke mer, men heller ikke mindre. Og dessuten: Belastningen noen kan oppleve ved å ha rovdyr i nærheten (som selvsagt må tas alvorlig) er som oftest også frikoblet fra beiterett og andre juridiske rettigheter. Det er en annen ting norsk forskning på rovdyrkonfliktene har vist.

Emneord til denne artikkelen
Kronikk Reidar Almås Eiendomsrett Menneskerett Rovdyr Sau

Alltid oppdatert i innboksen
Ja takk, jeg vil motta nyhetsbrev fra Nationen
Fornavn Etternavn E-postadresse Meld deg på

NATIONEN
940 08 650 TIPS OSS INSTAGRAM FACEBOOK TWITTER

KONTAKT OSS
Sjefredaktør
Irene Halvorsen

Konstituert nyhetsredaktør
Alexander Gjermundshaug

Politisk redaktør
Kato Nykvist

VÅRE PRODUKTER
E-avis
Utgave for lesebrett
Digitalt arkiv

KUNDESIDER
Kundeservice
Min side
Cookies

ÅPNINGSTIDER
Sentralbord
Man-fre 08:00-16:00
Telefon: 21 31 00 00

Kundeservice
Man-fre 08:00-16:00
Telefon: 23 33 91 52

ANNONSER
Annonseavdelingen
Man-fre 08.00-16.00
Telefon: 21 31 44 44
E-post:
annonse@nationen.no

AS Nationen
Schweigaardsgate 34 E
0191 Oslo Norge
Organisasjonsnummer:
914 531 543

Nationen arbeider etter Vær Varsom-plakatens regler for god presseskikk.